

MØTEPLASSEN



VOLLEYBALLBANER



GRUSLØYPE



TRIMPARK



HUNDETRENING
OG KASTEOMRÅDE



FOTBALLBANER



BMX-BANE



I HAFSTADPARKEN FINN DU:

2 kunstgrasbaner med undervarme,
lysanlegg, skateanlegg, rulleskiløype, friluft-
slivsløype / trimløype, BMX sykkelbane,
4 sandvolleyballbaner, friområde / parkanlegg,
trimpark, parkeringsplass, Møteplassen –
handball, basket, bandy / badminton, buldrest-
ein – område for rulleskøyter / isflate, delanlegg
for friidrett, sykkelparkering, liten hoppbakke,
grillplass, bord og benkar, område for Førde
brukshundklubb.

KLUBBHUS / BARNEHAGE



SKØYTEBANE



RULLESKIBANE



SKATEPARK



hafstadparken

«Hør på mor og far,
gjør leksene, spis fisk og bruk
parken så ofte som du kan»,

sa Trond Moen
då han opna parken i 2015



90 000 m²
til friområde/park

Førde kommune har hatt som overordna mål å få til ei god involvering og eit nært samarbeid med ulike interessegrupper for parken. Her har det vore mange engasjerte undervegs, som har gjort sitt til at resultatet er ein park som inneheld tilbod og utstyr for varierte aktivitetar for store og små.

Visjonen for
Hafstadparken:
**- Ein park
for alle!**

Ein idrettspark blir til

Utbygging av Hafstadparken starta opp i 2013. Ein del av anlegga vart tekne i bruk sommaren 2013 og seinare etter kvart som anlegga var ferdigstilte. Den offisielle opninga av Hafstadparken vart markert søndag 31. mai 2015 av Trond Mohn og ordførar Olve Grotle.

 **FØRDE IL**

Førde idrettslag og Førde kommune har hatt ein samarbeidsavtale om utbygging av parken. Førde kommune er eigar av Hafstadparken og har hatt ansvaret for utbygginga. Det er lagt vekt på følgjande:

- Anlegga i Hafstadparken vert bygd ut i samla utbygging. Det har vore lagt opp til ei stegvis utbygging i tråd med

- prosjektering, innhenting av tilbod, framdriftsplan og finansiering
- Etablering av felles driftseining som skal ha ansvar for drift og vedlikehald av både Hafstadparken, grendabaner og Førde stadion
- Legge til rett for aktivitetar av ulike slag i Hafstadparken – vere ein møteplass og park for alle

Prosjektet for bygging av alle anlegga i Hafstadparken er på kr 62 764 052. I tillegg kjem kommunen sine kostnader med grunnnerv og andre utgifter som avgifter/gebyr, konsulenttenester, juridisk hjelp, slik at dei totale utgiftene for Hafstadparken inklusive grunnnerv er kr 90 208 905.



62 mill ...

- Gåvemedlar Trond Mohn 20 000 000
- Spelemidlar 9 658 000
- Tilskot fylkeskommunen 12 500 000
- Sparebankstiftelse 885 000
- Førde Lions 250 000
- Førde IL 8 369 302
- Momskompensasjon 9 606 713

Takk til alle som har bidratt!

Det er grunn til å takke alle bidragsytarar for den positive interessa og store støtta vi har fått til realisering av eit omfattande, etterlengta og ikkje minst mykje brukt aktivitetsområde.

